



HJELMELAND KOMMUNE

Budsjett 2021 Økonomiplan 2021– 2024

Til handsaming i formannskapet 24. november

Til handsaming i kommunestyret 16. desember



Bileta i dette dokumentet er for det meste av våre elevar i Kulturskulen.

Rektor Hans Widerøe er fotograf.

Innhald

1.	Vedtak i budsjettet	s. 3	- Smittevern	
2.	Bakgrunn og føringar	s. 6	- Oppvekst	
2.1	Eigedomsskatt og kraftskatt	s. 6	- Helse og omsorg	
2.2.	Særlege mål i perioden	s. 6	- Effektiviseringstiltak	
2.3.1	Økonomiske mål og føresetnader	s. 7	7.2	Forslag som ikkje er med i budsjettet s.22
2.3.2.	Eigedomsskatt på bolig og fritidsbustad	s. 7	7.3.	Kostnader nye tiltak s.23
2.3.3.	Gjeld	s. 7		
2.3.4.	Sal av kommunal eigedom	s. 7	8.	Budsjettkommentarar, handlingsplan og kostratabellar frå einingane s.25
2.3.5.	Total ramme for budsjettet	s. 7	-	Politisk styring s.25
2.4.	Statsbudsjettet 2019	s. 7	-	Kostratabellar forklaring s.26
2.4.1.	Satsingsområde i statsbudsjettet	s. 7	-	Kostra, barnehage s.26
2.4.2.	Statsbudsjettet tal for Hjelmeland	s. 8	-	Kostra skule s.26
3.	Mål for drifta	s. 9	-	Oppvekst s.27
3.1.	Plansystem	s. 9	-	Hjelmeland barnehage s.28
3.2.	Hjelmeland kommune organisasjon	s. 9	-	Årdal barnehage s.29
3.2.1.	Politisk organisasjon	s. 9	-	Fister barnehage s.30
3.2.2.	Administrativ organisasjon	s. 9	-	Jøsenfjorden barnehage s.31
3.3.	Visjon, mål og prioriteringar	s. 9	-	Årdal skule s.32
3.3.1.	Overordna mål i kommuneplana	s. 9	-	Fister skule s.33
3.3.2.	Satsingsområde i kommuneplana	s.10	-	Hjelmeland skule s.34
3.3.3.	Andre satsingar i budsjettperioden	s.10	-	Vaksenopplæring s.35
-	Bærekraft		-	Flyktningtenesta s.36
-	Klimabudsjett		-	Kostra kultur og kulturskule s.37
-	Digitalisering		-	Kulturskule s.38
-	Velferdsteknologi		-	Kostra helse og omsorg s.39
-	Effektivisering/ Lean		-	Helse og omsorg s.40
-	Breiband prosjekt		-	Barnevernstenesta s.41
-	Hjelmeland Naturlegvis, prosjekt	s.11	-	Kostra barnevern og NAV s.42
-	Vågen 360		-	NAV s.43
-	Næringsarbeid		-	Helse s.44
3.3.4.	Planstrategi	s.11	-	Hjelmeland omsorgssenter s.45
4.	Økonomi og trendar	s.12	-	Årdal omsorgssenter s.46
4.1.	Utvikling i folketalet	s.12	-	Rådmann og kundesenter s.47
4.1.2.	Prognosar utvikling i folketal	s.13	-	Andre tenester hos rådmann s.48
4.2.	Utvikling i netto driftsresultat	s.14	-	IKT s.49
4.3	Utv. i sentrale inntekter og pensjonskost	s.15	-	Løn og personal, personal felles s.50
5.	Budsjett og rammer for 2020– 2023	s.16	-	Økonomi s.51
5.1.1.	Hovudoversikt drift	s.16	-	Kultur s.52
5.1.2.	Bevillingsoversikt	s.17	-	Kostra landbruk og plan s.53
5.1.3.	Rammer og ansvar budsjettskjema 1.b.	s.18	-	Plan og forvaltning s.54
5.1.4	Budsjett per hovudområde	s.19	-	Kostra bygg og anlegg s.55
5.1.5	Oversikt utvikling utvalde tenester	s.20	-	Bygg og anlegg s.56
5.1.6.	Oversikt bruk av kraftfond	s.20		
6.	VAR	s.23	9.	Gjeld og gjeldsgrad s.57
6.1.	Forventa utvikling i VAR kost	s.23	10.	Investeringar
6.2.	Grunnlag for VAR gebyrer	s.23	10.1	Investeringar 2021—2024 s.58
7.	Nye tiltak	s.22	10.2	Finansiering investeringar s.59
7.1	Nye tiltak som er med i budsjettet	s.22	10.3	Kommentarar til investeringsprosjekter s.58
-	Løn		IT-	s.58
-	Variabel løn		VAR	s.58
-	Kyrkja		Bulyst og attraktivitet	s.58
-	IKT		Bygg og anlegg	s.60
-	Ny Reapeterbu			
-	Havbruksfond			

1. Vedtak budsjett 2021

1. Det kommunale skattøyret skal vere høgast lovlege sats for alle grupperingar, for 2021. Formueskatten vert rekna etter høgaste sats. Naturressursskatt vert rekna etter høgaste sats.
2. Hjelmeland kommunestyre vedtek investeringsbudsjett for 2021, jf. tabell over investeringstiltak i rådmannens utkast til budsjett, kap.10 s. 59 .med følgjande endringar:
3. Hjelmeland kommunestyre vedtek driftsbudsjett for 2021 slik det går fram av rådmannens utkast til budsjett. Kap 5.1, "Bevillingsoversikt» kap. 5.1.2 s.17 og «budsjettskjema 1B» kap. 5.1.3 s. 18 ., med følgjande endringar:
4. Rådmannen får fullmakt til å fordele netto budsjettramme i «Budsjettskjema 1B» på dei ulike KOSTRA-artane.
5. Nettorammene er bindande for rådmannens disponering av budsjett.

6. Forslag til vedtak ved utskriving av eigedomsskatt for 2021 for Hjelmeland kommune:

I medhald av eigedomsskattelova §1 og § 3 skal følgjande utskrivningsalternativ nyttas for skatteåret 2021 :

Utskrivingsområde:

Utskriving av eigedomsskatt i heile kommunen, etter lov om eigedomsskatt til kommunane (esktl) § 3, 1. ledd bokstav a.

Promillesats:

Den alminnelige skattesatsen for skattepliktige eigedomar er 7 promille, jfr esktl § 11, 1. ledd. Skattesatsane vert differensiert med heimel i esktl § 12 bokstav a. Skattesats for bustaddel i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar og fritidsbustader, inkl. bustad- og fritidstomter får eigen sats på 2 promille for skatteåret 2021. Eigedomsskattesats for næringseigedomar inkl. næringstomter, oppdrettsanlegg og næringsdel ved blanda bruk, samt energianlegg er 7 promille.

Overgangsregel til §§ 3 og 4:

Kommunen har frå 2019 i tillegg til utskriving etter § 3, 1 ledd bokstav a nytta overgangsregel for utskriving av takst på særskilte skattegrunnlag (tidl. produksjonsutstyr for verk og bruk frå 2018 og produksjonsinstallasjonar på verk og bruk som tener produksjonen). Takst for særskilt skattegrunnlag frå skatteåret 2018 vert etter overgangsregel redusert med 3/7 for skatteåret 2021.

Botnfrådrag :

Det vert ikkje gitt botnfrådrag for bustaddel av eigedomar (herunder fritidseigedomar) som fyller vilkår om sjølvstendige bustaddelar, jfr esktl § 11, 2. ledd.

Takstvedtekter :

Takstgrunnlag

Kommunestyret gjer vedtak om alminnelig taksering for utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2021. Utskrivinga er basert på Hjelmeland kommune sine nye retningslinjer for taksering etter lov om eigedomsskatt.

Takseringa er i samsvar med gjeldande vedtekter for eigedomsskatt, vedtatt i kommunestyret.

Fritak:

I medhald av esktl § 7, bokstav A kan ein unnta eigedom eller bygg eigd av stiftelsar og institusjonar som tek sikte på å gagna kommunen, fylket eller staten. Sakkunnig nemnd tilrår fritak til kulturbygg og anlegg som idrettsanlegg, samfunnshus, bedehus, mv. jfr.vedlagt liste med tilråding frå sakkunnig nemnd.

I medhald av esktl § 7 bokstav B kan ein frita eigedom som har historisk verdi heilt eller delvis for eigedomsskatt. Sakkunnig nemnd tilrår at freda bygg og verneverdige bygg i klasse A og B (sefrak A og B) får fritak frå eigedomsskatt, jfr vedlagt liste med tilråding frå sakkundig nemnd.

I medhald av esktl § 7 bokstav C kan ein frita bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære i opptil 20 år frå den tida bygningen var ferdig. Det tilrår fritak i inntil 3 år for nye bustadar /våningshus.

Gjeld nye bygg som ikkje er taksert for eigedomsskatt for skatteåret 2020, som er tatt i bruk/bygde etter 01.01.2020.

Fritaket gjeld ikkje tomt, fritidsbustad og andre bygg på eigedomen, som garasje, naust o.l. Nye tilbygg til eldre bustadar/ våningshus inngår ikkje i fritaket.

vedtak fortsett...

Fritaket gjeld bygg med bygningskoder frå matrikkel: 111, 112, 113, 121,122, 123,124,131,133,135,136,141,142,143,144,145,146,151,159,162,163, koder for «Enebolig, Enebolig m/hybel mv, Våningshus, Tomannsbolig, Rekkehus, Kjedehus, Terrassehus, Andre småhus, Stor frittliggende bolig i flere etasjer, Bygning for bofelleskap, Helårsbolig/Våningshus benyttes som fritidsbolig»

Sakkunnig nemnd gis fullmakt til å vedta fritak for nye bygningar etter § 7 c i takstvedtak for skatteåret 2021. Liste over lov-hjemla fritak etter esktl §5 og § 7 c for 2021 vert oppjustert for endringar til og med 31.12.2020, vedtas av sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og vert utlagt som del av eigedomsskatteliste for 2021.

Betaling:

Eiendomsskatten skal betales i fire terminer; med forfall (20.04, 20.06, 20.10 og 20.12) i skatteåret.

Fleksibel fakturering er innført i 2020. Som alternativ til 4 terminar kan ein motta faktura for kommunale avgifter for eigedomsskatt/vatn/avlaup for 2021 i 1 termin med forfall 20.04 eller i 2 terminar med forfall 20.04 og 20.12.

7. Kommunale gebyr- og betalingssatsar vert vedtekne i egne saker.

8. Ordførargodtgjersla for året 2021 vert tilsvarande 100% stilling, og vert sett til 90% av godtgjersle for stortingsrepresentant pr. 1. mai 2019, avrunda til kr. 889.200.NB! Det er så langt ikkje gjort justeringar av stortingsrepresentant løn for 2020. Så snart eit slikt vedtak ligg føre skal ordføraren si lønn justerast i tråd med vedtaket om løn til stortingsrepresentant.

Andre godtgjersler til folkevalde tek utgangspunkt i ordførargodtgjersla i samsvar med vedteke reglement for godtgjersle til folkevalde, jf. sak 081/19. Slik godtgjersle skal og justerast i tråd med ordføraren sin godtgjersle.

9. Det vert teke atterhald om endringar for årsbudsjettet dersom premissane i endeleg statsbudsjett gjer dette naudsynt.

10. Kommunestyret forventar at rådmannen legg fram månadleg oversikt over utviklinga i

kommuneøkonomien samanlikna med budsjett med forslag til budsjettjusteringer gjennom heile året, og at rådmannen legg fram for kommunestyret tertialrapport (per 30. april og 31. august).

11. Rådmannen skal vurdere alle stillingar som vert ledige i løpet av året for å sjå om dei treng å erstattast.

Verbalpunkter

2. Bakgrunn og føringar

Kommunelova § 44, 45 og 46 fortel kva ei økonomiplan og eit årsbudsjett i ein kommune skal innehalda.

Bakgrunn og grunnlag for arbeidet med budsjett 2021 er vedteke budsjett for 2020, med konsekvensjusteringar og vedtekne budsjettendringar. Vedteken økonomiplan 2020 – 2023 og kommuneopplegget i statsbudsjett for 2021. Formannskapet har gitt føringar på at utkast til budsjett skal baserast på rammebudsjettering for dei ulike tenesteområda.

2.1. Eigedomsskatt, kraft inntekter og eigedomsskatt.

Sjølv om det er klart at regjeringa ikkje går vidare med arbeidet til kraftskattenemnda, er det i statsbudsjettet er det føreslått ei endring som får konsekvensar for Hjelmeland kommune. Dette gjeld særleg kompensasjonsordninga for reduserte inntekter på eigedomsskatt på verker og bruk. Ordninga er føreslått fjerna allereie no.

Som før er Hjelmeland kommune er totalt avhengig av kraftinntekter for å halda dagens drift. Me held konsesjonskraftinntektene om lag på årets nivå sjølv om me har lave priser på konsesjonskrafta. Auke i alminneleg forbruk og endra uttaksstad gir inntekter sjølv om kraftprisen er låg.

Retakseringa av eigedomar er ein del av auka inntekter frå eigedomsskatt for 2021.

2.2. Særlege mål i budsjettperioden

Hjelmeland kommunes mål nummer ein er å etablere ein organisasjon og eit tenestenivå på eit langsiktig, berekraftig økonomisk nivå, der innbyggjarane får gode tenester.

Denne målsettinga vart halden fram i 2017 budsjettet, det gjeld framleis. Det er vanskelig å driva i tråd med dette vedtaket. Per dato ser me ikkje at det er mogleg å redusera talet på tilsette. I budsjett forslaget for 2021 er det som i 2020 lagt opp til at nye oppgåver i stor utstrekning må gjennomførast innafor rammene som har vore dei siste åra. Det er funne plass til svært få nye tiltak.

Nye tiltak som det er funne plass til er tiltak som gjeld ressurskrevjande brukarar. Dette er naudsynt for å gi tilbod i tråd med loven. I slike samanhengar er det og viktig å ha rett kompetanse på rett stad og rett dimensjonert.

I tillegg vert det henta midlar frå fond til å gjennomføra prosjekt når det gjeld digital infrastruktur. Prosjektet Hjelmeland Naturlegvis vil og fortsetta.

2.3.1. Økonomiske mål og føresetnader

KS har utarbeidd en modell for anbefalt driftsresultat, basert på kommunens profil.

Tabell under syner anbefalt nivå for Hjelmeland i denne modellen for 2021 og i eit lengre perspektiv.

Resultater

Forventet netto driftsresultat ved stabil tjenesteproduksjon	4,8 %
Langsiktig minimumsnivå for netto driftsresultat	0,6 %
Minimumsnivå for disposisjonsfond for å håndtere risiko	3,8 %
Kortsiktig minimumsnivå for netto driftsresultat for å bygge opp	0,6 %
Årlig endring i gjeld andel av inntekter	0,0 %
Differanse forventet NDR og risikojustert minimumsnivå for NDR	4,0 %

Det er tidlegare uttrykt eit mål at Hjelmeland kommune skal gjere seg uavhengig av inntekter på konsesjonsavgift i drifta for å nytte desse til samfunns- og næringsutvikling, samt til investeringar i infrastruktur. Om Hjelmeland kommune skal gjennomføra dette utan å nytta konsesjonsavgifter til driftsoppgåver må driftsoverskotet vera over kroner 12 000 000,-. Dette fordi det blir saldert med om lag kr 11 mill i drifta kvart år frå kraftfondet og me treng eit overskot høgare enn dei 11 mill. Dette viser seg å vera vanskeleg å gjennomføra. Det er også eit nødvendig mål at Hjelmeland kommune bygger opp disponible fond for å redusere sårbarheita i høve til uføresette kostnader og for å kunna finansiera meir av investeringar med eigenkapital.

Driftsoverskotet bør i løpet av fire år nå eit mål som ligg over minimumsnivået på 0,6 %. I tillegg bør ein klart større del av kraftfondet nyttast til tiltak som er viktige for å få til nærings-etablering, for slik å leggja til rette for nye arbeidsplassar.

På tross av dette finn rådmannen det vanskeleg å legge opp til ei drift der kommunen blir uavhengig av kraftfond dei næraste åra. Kraftfondet har vedtekter som er ein del av konsesjonsvilkåra. Rådmannen legg desse vedtektene til grunn ved bruk av kraftfond. Med andre ord, rådmannen har ikkje funne det tilrådeleg å kutta i driften for å unngå saldering med kraftfondet.

Budsjettet er lagt opp med bruk av sjølvkostprinsippet innan VA sektor, dog med einskilte avvik frå dette. Dette gjeld 2 prosjekter som skal førast utanfor sjølvkostprinsippet.

2.3.2. Eigedomsskatt

Fritak for nybygg.

Det har vore gjennomført taksering av eigedomar. Totalt sett er det budsjettert med ei auke i eigedomsskatt.

Rådmannen vil unngå å auke eigedomsskatten dette året og. Dette fordi skatten er under press og med tanke på samla utgift for hushaldningane på gebyrer og eigedomsskatt.

For å legge til rette for auka etablering føreslår rådmannen fritak for eigedomsskatt i tre år for nybygg. Innretninga på fritaket er formulert i eigedomsskattevedtaket. I rådmannens forslag er det derfor ikkje tatt høgd for auke i inntekt frå eigedomsskatten når det gjeld nye bygg.

2.3.3. Gjeld

Lånegjelda er pr 31.12 2020 estimert til kr 280 mill. til investeringar kr 47,7 mill i startlån, totalt kr 323,7 mill. Gjeldsgraden for 2020, ut i fra eit nytt låneopptak i 2020 på kr 29 mill er brutto 102%, netto 84%.

Gjeldsgrad er lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er korrigert for husbanken og rentebærende finansielle eigedelar.

Husbanken vert nytta aktivt av Hjelmeland kommune til startlån som vert vidareformidla. Dette vil bli handsama i kapitlet om gjeldsgrad under økonomiske analyser. Husbanken vert nytta aktivt av Hjelmeland kommune til startlån som vert vidareformidla. Sjå kap. om gjeldsgrad.

2.3.4. Sal og utleige av kommunale eigedomar.

Det er budsjettert med sal av kommunale bustader med kroner 3 000 000,-, salet ligg i investeringsbudsjettet. Nivået er det sama som i 2020, men me vil no intensivere arbeidet. Vidare vil me arbeida meir aktivt med utleige. Frå 2022 er det lagt inn 1 mill. årleg på sal av eigedom.

2.3.5. Total ramme for budsjettet

Total ramme for budsjettet 2021 er på kr 327,2 mill. Dette er ei auke på kr 9,6 mill frå 2020, 3%.

Dette er litt over nasjonal deflator (pris og lønnsvekst 2,7%.

Netto driftsresultat er budsjettert til **3 202 866,-**

2.4 Statsbudsjettet 2021

2.4.1. Satsingsområde i statsbudsjettet

Statsbudsjettet for 2021 vart lagt fram den 7. oktober 2020. Det er tydeleg at nasjonen Noreg har vore igjennom ei alvorleg krise. Koronaepidemien har preget 2020 og pregar statsbudsjettet for 2021.

Gjennom satsingar og prioriteringar i budsjettet ynskjer regjeringa å følgje opp sin eigen strategi for å ta Noreg ut av krisa: **Skapa meire, inkludera fleire.**

Følgjande område er vektlagt i budsjettet:

- **Få folk tilbake i jobb:**
Bidra til at verksemdar startar opp igjen over heile landet og at flest mogleg kjem tilbake i jobb.
- **Sikre fleire bein å stå på:**
Me må skape fleire arbeidsplassar. Veksten må komme i privat næringsliv. Me bygger veg og bane, og betrar rammene for bedriftene.
- **Skape ei grøn framtid:**
Leggja til rette for at næringslivet kan skape «grøne» jobbar og ei meir bærekraftig framtid.
- **Bygge kompetanse:**
Me skal sørge for at fleire fullfører vidaregåande skule og at fleire får slik kompetanse som framtidens arbeids- og næringsliv treng. Me skal utvikla Utdanningsløftet frå 2020.
- **Inkludere fleir:**
Det skal være mogleg for fleire å delta, både i arbeidslivet og samfunnslivet.
- **Sikre tryggleiken og tillita i det norske samfunnet** og ta vare på eit sterkt internasjonalt engasjement.

Statsbudsjettet har ulike «kommunale» hovudprioriteringar for dei ulike departementa:

Kunnskapsdepartementet.

Prioriteringar: Utdanningsløftet 2020 - kompetansereform - gjennomføring i vidaregåande skule - tidleg innsats i barnehage og skule - integreringsreform.

Regjeringa vil gjennomføre og vidareutvikla Utdanningsløftet 2020. Til saman føreslår regjeringa 2,5 mrd. kroner til ulike tiltak i 2021.

Fagfagfornyninga skal fortsetta og regjeringa vil leggja til rette for dette i 2021. Innsatsen for kvalifisering av og vidareutdanning av lærarar fortsett.

Regjeringa vil fortsetta arbeidet med kvalitet og kompetanse i barnehagane og ein vil vidareføre sårbar elevar med tapt progresjon som følgje av stengte skular. Livslang læring skal framleis prioriterast og ein vil mellom anna leggja til rette for at fleire skal nytta ordninga *Fagbrev på jobb*. Hovudmålet i integreringspolitikken er at fleire innvandrarar skal koma i jobb og delta i samfunnet. Norskdugnad og *Jobbsjansen* er nokre av verkemidla.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Prioriteringar: – levande lokaldemokrati – sterke distrikt – trygge og gode butilhøve - modernisering av Norge.

For regjeringa er det viktig med ein god forutsigbar kommunøkonomi. Det er lagt opp til ei auke i frie midlar til kommunane med 1,6 mrd. Det vert arbeidd med eigne bevillingar når det gjeld tiltak rundt pandemien. Det er føreslått 1,5 mrd til nye digitale løysingar. Det er lagt opp til auka bustøtta til einslege og til barnefamiljar. Det vert lagt opp til auka låneramme frå Husbanken, dett med tanke på tilrettelegging av bustader slik at fleire kan bu heime.

Helse og omsorgsdepartementet,

Prioriteringar: Handtering av koronapandemien—handsama fleire i sjukehus—ein berekraftig og framtidsretta allmennlegeordning - betre kvalitet og kompetanse innan omsorg - e. helse - barn og unges psykiske helse.

Når det gjeld pandemien vil det settast av midlar til testing, isolering og sporing, For kommunane er satsinga på auka aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap for eldre særleg viktig å merka seg. Det er sett av midlar for å tilretteleggje for ein framtidsretta allmennlegeteneste Økt kapasitet og kvalitet i omsorgstenestene. Desentraliserte studieplasser og prosjektet Menn i helse er det sett av midlar til. Satsing på barn og unges mentale helse skal skje innfor kommunane sine frie inntekter. Det er sett av midlar til satsing på e. helse.

Barne- og likestillingsdepartementet,

Prioriteringar: Vidareføra og utvida prøveprosjekt med nasjonal fritidskort ordning - styrke nasjonal tilskottsordning for inkludering av barn og unge - betre helsehjelp til barna i barnevernet - familie for første gang.

Barnetrygda vert auka og det vert vidare satsing på fritidskort. Tiltaket som skal førebygga vald og overgrep vert trappa opp. Det vert starta opp eit arbeid med kartlegging av helsesituasjonen til barn i barnevernet. Det er og sett av midlar til å fortsette ettervernet frå 23 til 25 år for barn som har vore under omsorg av barnevernet.

Det vert sett av midlar til verna kyrkebygg. Staten tar frå 2021 over utbetalingar til trus- og livssynorganisasjonar.

Kulturdepartementet

Regjeringa vektlegger gode støtteordningar for frivillig sektor. Ein vil stimulera til arrangement som kan gjennomførast innfor smittevern reglane. Økte bevillingar til ulike barne og ungdomstiltak. Meirverdikompensasjonen til bygging av idrettsanlegg vil auka. Det er og sett av midlar til auka likestilling, integrering og mangfald.

Landbruksdepartementet

Prioriteringar: Kompensasjonsordningar for pelsdyroppdrettarar - klimatiltak i skog - landbruk over heile landet. Korn, frukt og grønt skal prioriterast. Det er føreslått midlar til oppkjøp av mjølkekvoter. Når det gjeld kompensasjon for avvikling av pelsdyr vil regjeringa følgje opp forslag frå Stortinget.

Det er auka i bevillingar som skal sikre auka karbonopptak i skog ved auka planting og gjødsling.

2.4.2 Statsbudsjettet, tal for Hjelmeland.

Innbyggjartilskot

Forslaget i Statsbudsjettet er eit rammetilskot til Hjelmeland kommune(etter inntektsutjamning) på kroner 99, 5 mil. I 2020 var dette berekna til 100 mill. Skjønnsmidlar over statsbudsjettet er kroner 0,9 mill. Redusert rammetilskot kan i hovudsak tilskriva Ombo. Me har vurdert det slik at inntektsutjamninga ligg noko for høgt og at utgiftsutjamninga ligg noko for lågt i høve til historikk og auande kostnadsnøkkel, og har sett rammetilskotet til 99,5 mill i 2021, men redusert det til 97,5 mill i 2022.

Skatt


Skatteanslaget for inntekt og formue er sett til kroner 97 mill. For heile perioden

Frie disponible inntekter for Hjelmeland kommune;
Sum av rammetilskot og skatt på inntekt og formue, er esmert til kr 196,5 mill.



3. Mål for drifta

3.1. Kommunalt plansystem



Modellen syner samanhengen mellom kommunale planer.

3.2. Hjelmeland kommune, organisasjon

3.2.1. Politisk organisasjon

Kommunestyret, er ansvarleg for drifta av kommunen.

Formannskapet, er kommunestyret sitt arbeidsutval, men har delegert rett til å avgjera i nokre saker. Formannskapet er planutval og økonomiutval.


Forvaltningsutval, arbeider med plan- og forvaltning og er arbeidsutval for kommunestyret i slike saker.

Administrasjonsutval, politisk valde medlemmar saman med eit utval tillitsvalde. Dei handsamar saker som vedkjem kommunen sine medarbeidarar, slik som t.d. heiltidskultur, arbeidsgivarstrategi, rekrutteringstiltak.

Ordføraren, har ansvar for møteinnkalling og møteleiing. Kommunestyret kan delegere saker til ordførar. Er kommunen sitt fremste ombod for innbyggjarane. Kan få delegert oppgåver av kommunestyret.

Varaordførar er ordføraren sin stadfortredar.

3.2.2. Administrativ organisasjon, organisasjonskart



3.3. Visjon, mål og prioriteringar

Vedteken KOMMUNEPLAN 2019 – 2031 har visjonen:

Hjelmeland, naturlegvis!

Visjonen er grunnlag for planer, utvikling og tenesteyting. Visjonen gjev uttrykk for eit ynskje om positivt samspel mellom kommunen sine tilsette, innbyggjarane og naturen rundt oss. Ein vil signalisere at ein ynskjer å bruke natur og naturressursar til helse, rekreasjon og friluftsføremål. Vidare seier visjonen noko om satsing på næringar som er bygd opp rundt bruk av dei gode naturressursane kommunen har. Visjonen skal vise at Hjelmeland skal vere eit naturleg val for å bu, arbeide, bu i fritida, besøkje, drive rekreasjon og oppleve naturen.

3.3.1. Overordna mål i kommuneplanen.

I KST sak 14/19 og 44/19 vart kommuneplanen vedtatt

Hovudmål:

Jobb og attraktivitet. Å leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn.

Dette målet ynskjer me å nå ved å arbeide med følgjande grunnleggjande rammer for utvikling:

- Samferdsle med særleg fokus på Ryfast
- Økonomi
- ROS/beredskap
- Barnekonvensjon og folkehelse
- Næringsliv og ressursar
- Klimaomstilling/ grønt skifte

Satsingsområde i kommuneplanen er:

Vidareutvikle «trekantsamarbeidet»

... offentlig, privat og frivillig sektor for å skape ein basis for felles lokalsamfunnsutvikling med vekst i folketallet.

Næringsutvikling med basis i eksisterande næringar, der reiseliv vert særleg vektlagt.

Lokalsamfunnsutvikling

...på ein slik måte at det er mogleg å byggja og bu i bygdene for alle generasjonar, samstundes med særleg satsing på tettstadsutvikling.

Andre viktige målsettingar i budsjettperioden

SN sine bærekraftsmål

Saman med dei andre landa som er medlemmar av SN har Norge vedtatt bærekraftmåla. 17 målsettingar som gjeld heile verda. Hjelmeland kommune må også vurdera vår aktivitet og tenesteproduksjon opp mot desse måla



Klimabudsjett

Eit grep for å hjelpe oss å nå måla er å utarbeida eit klimabudsjett. Klimabudsjettet er lagt med budsjettet. Tiltak som krev midler er lagt inn i budsjettet.

Digitalisering

Ofta omtalar me digitalisering saman med omgrepet effektivisering. I mange samanhengar er det riktig, men ikkje i alle. Digitalisering kan være eit tiltak for å forbetra eit tilbod. I 2021 vil me arbeida med mange utviklingsprosjekt når det gjeld digitalisering. Nokre driv me fram sjølv, andre prosjekt samarbeider me med andre om. Me ramser opp følgjande prosjekter for 2021:

DigiBarnvern, DigiHjelepen, DigiSos, Ein innbyggjar ein journal, Verktøykasse plan- og byggesak, SvarUt tenesta, Forbetringar av helsenorge.no, KS Læring, Arkivintegrasjonar, Arbeidsflytar Acos Eigedom. eHelse
Hjelmeland kommune er representert i fleire faggrupper i DigiRogaland.

Velferdsteknologi

I tillegg satsar me vidare på Velferdsteknologi. Dette vil bli så ressurskrevjande at me ser for oss ein ekstra ressurs til dette.

Velferdsteknologi er på mange måtar tryggleiksteknologi i heimetenesta og sjukeheim.

I tillegg kjem ein del administrative programmar.

Innbyggjar dialog

I 2021 ønskjer me å auke graden av innbyggjarinvolvering. Me vil prøve ut fleire metodar for å få dette til. T.d. spørjeundersøkingar på e.post, bruk av sosiale media og eventuelt s Dialog som vert utvikla sentralt. Utvikling av Mi side (ein portal kor ein kan finna all informasjon frå stat og kommune) er me og med om, og håper at me etter kvart kan få løysinga som ein app.



Effektivisering/ Lean

Rådmannen la i budsjettet for 2018 inn eit mål om å starta opp med Lean i organisasjonen. Det vart berre gjort spede forsøk da. Ein grunn til dette var at heile leiargruppa til rådmannen var med i eit leiarutviklingsprogram i regi av KS-konsulent. I denne perioden vil arbeidet starte opp igjen. Først på overordna nivå også etterkvart i den einskilde eining.

Breiband prosjekt

Kommunestyret har bestemt at breibands- utbygginga i kommunen skal organiserast som eit prosjekt. Prosjektet vert etablert innan 1. januar 2021. Målet er breiband til alle bustader i Hjelmeland innan 2025.

Det vil bli tilsett prosjektleiar før prosjektstart.



Hjelmeland Naturlegvis

Kommunestyret har vedtatt å etablere prosjektet Hjelmeland med Ryfast. Målet med prosjektet er å sikre aktivitet i tråd med satsingane i kommuneplanen.

2021 er siste år av prosjektet. Delmål for dette året er :

Nytt nettsted. Hjelmeland Naturlegvis som

skal sikre informasjon om det som er tilgjengeleg i Hjelmeland når det gjeld fritidsaktiviteter, boliger, jobber, fritidsbustader, og tenestetilbod.

Andre sosiale media

Facebook side som kommunen administrerer, men kor me legger ut kultur arrangement og andre arrangement. Desse sidene er slik at frivillige og kommersielle verksemdar og kan nytta dei. Me nyttar og #instagram og linkdin.

Møteplasser.

Me har gjennomført hyttefrukost og har planer om fleire slike møteplasser. Litt vanskeleg å gjennomføre på grunn av korona epidemien.

Kontorfellesskap

Dette vil være klart i løpet av november 2020. Målet er å tilby ein plass å ha kontor for små bedrifter og personar som er på fritidsbustaden.

Kulturelle arrangement

...med mål om å auke besøk og stimulere bulysta.

Vågen 360

«Vågastovå» har eit potensiale som rådmannen ynskjer å utvikla. Arbeidet med ein områdeplan er starta, men vil ha eit fokus i 2021. Vidare arbeid med Vågen 360 - prosjektet og samarbeid med frivillige vil være viktig for å få til fleire uformelle møteplassar i eit attraktivt sentrum. Rådmannen føreslår å vidareføre prosjektet «Blomstrande Hjelmeland i tillegg til arrangement og vidre satsing på frivillig kafe.

Næringsarbeid

Arbeid med strategisk næringsplan er sett i gang. Hjelmeland må og sjå på korleis me no skal få gjennomført det arbeidet som me fram til no har vore med som partner i Greater Stavanger. Moglegheita til å være partenr er borte. Me har starta samtaler med Strand kommune og Ryfylke IKS om auka samarbeid. Rådmannen vil i løpet av 2021 koma attende med ei sak om vidare næringsarbeid utan Greater Stavanger. Det er per dat dette samarbeid med næringsrådgivar og prosjektleiar for Hjelmeland naturlegvis.

Planstrategi

I september vedtok kommunestyret ein planstrategi. Strategien lister opp kva planer som skal utarbeidast i 2021. Berre nokre planar treng slik prosess som er skildra i plan og bygningslova. Andre planar treng og gode prosessar. Vanlegvis har me ei markering av at rådmannen startar arbeidet med ei plan, vidare vert forslaget til plan lagt fram i formannskapet som gjer vedtak om å legge planforslaget ut på høyring. Etter høyring legg rådmannen fram eit endeleg forslag fram til politisk handsaming. Høyringsrunden er viktig for å invitera innbyggjarar til dialog og involvering

Som ein kan sjå er det eit stort utredningsarbeid som er planlagt, me ser at me ikkje har den kapasiteten eit slikt arbeid vil krevja.

Planer som me skal arbeida med i 2021 er:

- Klimaplan og miljøplan samt sertifisering som Miljøfyrtårn.
- Plan for fritidstilbod til barn og unge.
- Plan for meir næringsareal i samband med ny 132 KV strømlinje.
- Plan for utvinning av byggeråstoff,
- Plan for kommunale leikeplassar og grøntområde.
- Strategisk næringsplan.
- Plan for psykisk helse.
- Hovudplan for vatn.
- Områdeplan Vågen.
- Planer for sentrum i Årdal og Firster
- Organisering av omsorgssektoren,
- Prosjektering av Hjelmeland ungdomsskule.
- Årlege folkehelse kartleggingar

I tillegg må nokre planer rullerast..



Foto: Eldfinn Austigard


4. Økonomi og trendar

4.1 Utvikling i folketalet

Diagramma syner at det antas at folketalet vil gå noko ned for kvart år til 2025, då er det lagt inn ei prognose på at det snur og at man vil sjå ei lita auke fram mot 2040. Frå 01.01 2020 gjekk om lag 80 innbyggjarar på Ombo over til Stavanger. Det utgjer ein del i høve til rammetilskot og skatt.

Det er ei utfordring at talet på dei som er 26- 65 går nedover. Når me og samstundes ser at talet på dei som er 66 år og meir stig, så er det heilt innlysande at det vil vera knappe ressursar til å takla eldrebølgja som kjem nærare for kvart år. Dei som er arbeidsfør og betaler skatt av løna arbeid vært færre medan dei som betaler skatt av pensjonsyttingar og har meir trong for omsorgstenester stig. I høve til desse prognosane kan det sjå ut som om Hjelmeland kommune

bør vri meir ressursar øve på omsorg. Samstundes så vil det vera viktig å ha gode oppvekst tilbod om me skal kunne få til auka busetting. Noko som igjen vil løyse utfordringane med arbeidskraft innan helse og omsorg og kommunen sin økonomi. Som nemnd tidlegare vil bruk av velferdsteknologi og andre digitale hjelpemiddel i tenestane, kunne løysa nokre av utfordringane. Naudsynt reduksjon i talet på tilsette samstundes som nivå og kvalitet på tenestane framleis må være av god kvalitet gjer at utfordringane til politiske og administrative leiarar i kommunen vert store.






Utvikling i folketalet i våre nabokommunar

	Befolkning pr 01.01.2020	Fødsels overskot	Innflytting	Utflytting	Folkevekst	Folketal pr 2 kv 2020
1130 Strand	12 968	35	194	188	41	13 009
1133 Hjelmeland	2 574	0	66	40	26	2 600
1134 Suldal	3 804	0	53	56	-3	3 801
1135 Sauda	4 595	-11	76	85	-20	4 575

Kilde statistisk sentralbyrå

I 2020 har det vore eit positiv tilvekst av innbyggjarar dei 2 fyste kvartala, og med kjem relativt best ut av dei nærmaste nabo kommunane.

4.1.2 Prognoser utvikling i innbyggartalet



4.2. Utvikling i netto driftsresultat

Netto driftsresultat er ein viktig faktor for å analysere kommunens økonomi. Tidlegare har me nemnd at teknisk berekningsutval gir råd om 1,7% netto driftsresultat. Kommuneleva krev nå at kommunen skal ha eit mål om netto driftsresultat. Som nevnt tidlegare så har rådmannen valgt å sjå på ein modell frå Telemarksforskning.

2020 blei eit unntaksår i høve til eit stort bidrag til Helgøy bru som vil påføre eit negativt driftsresultat i 2020.

I 2021 har me lagt opp til eit driftsresultat på 0,98 %, så blir det resusert til 0,22% i 2022.

For dei to siste åra i perioden ligge det pr i dag eit 0 resultat, basert på at det kjem inn ei effektivisering/ endring av drifta for 2023 og 2024 det betyr at me må få til ei endring i drifta innan 2023. Det ligg inne effektiviserings tiltak på kr 860 000 for 2023 og kr 1,96 mill i 2024. Årsaka til denne utviklinga er hovudsakleg at me tapar ei del sentrale inntekter kvart år og særleg pensjonskostnader til KLP stig mykje i 2023 og 2024


	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Sum driftsinntekter	309 100	314 578	319 640	338 439	336 176	318 847	327 230	325 274	325 914	326 014
Sum driftsutgifter	309 909	306 377	307 839	314 794	331 167	333 751	334 210	335 234	336 097	336 197
Sum driftsutgifter eksklusive avskrivning	293 405	288 938	290 955	297 036	312 973	314 803	314 065	314 888	315 351	315 651
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat	3 566	9 419	16 514	29 944	11 699	-6 227	3 202	722	0	0
Brutto driftsresultat	-809	8 202	11 800	23 645	5 009	-14 904	-6 980	-9 960	-10 183	-10 183
Bruk av bundne driftsfond	18 593	11 355	12 272	11 014	11 838	17 165	-11 770	11 907	-11 596	11 306
Avsetninger driftsfond	941	507	2 658	19 454	11 937	2 748	6 247	3 932	2 899	3 017
Avsatt bundne fond	15 971	14 616	15 398	15 542	16 268	11 903	11 828	11 800	11 800	11 800
Sluttresultat	7508	6 259	9 376	15 338	6 426	-	-	-	-	-
Driftres i % av inntekter	1,15	2,99	5,17	8,85	3,48	-1,95	0,98	0,22	-	-

Om me i tillegg skal snu bruken av kraftfondet ser rådmannen at dette vert vanskelig utan ei markert auke i inntekter. Slik rådmannen ser det må me gjennomføra relativt store reduksjonar på kostnadssia for å unngå saldering av kraftfondet i drifta.

Me har hatt ei ny hovudtaksering for eigedomsskatt, det vil ikkje gje særleg auke i høve til tidlegare. Dette er fordi det er gjort fleire justeringar dei siste åra,

grunnlaget som nytta til bolig og fritid.

I høve til verk og bruk og produksjonsutstyr, og ein reduksjonsfaktor på 30% av grunnlaget som nytta til bolig og fritid. Alle berekningar innan kraftsektoren når et gjeld eigedomsskatt er ikkje ferdig satt ennå for 2021, det er alltid eit etterslep på desse anlegga. Me har estimert etter dei tala me veit om.



4.3 Utvikling sentrale inntekter og pensjonskostnader.

	2020	2 021	2 022	2 023	2 024
KLP, pensjonskostnader		17 504 950	18 573 015	20 891 904	22 895 310
Skatt	-93 365 000	-97 077 000	-97 077 000	-97 077 000	-97 077 000
rammetilskudd	- 108 806 000	- 105 591 000	- 103 971 000	- 103 955 000	- 103 944 000
trekk inntektsutjevning	8 187 000	6 050 000	6 470 000	6 450 000	6 440 000
Innbyggere 0101.2020	2 574	2 552	2 537	2 528	2 524
Innbyggere 01.07.2020	2 600	2 600	2 600	2 600	2 600

Tala er henta frå prognosemodellen, den pleier å stemma godt for Hjelmeland, men me gjer nokon tilpasningar.

Prognosemodellen opererer med 2021 kroner for hele perioden

Det som er viktig å sjå her er at pensjonskostnadene auker mykje for kvart år frå 2022.

Noko av årsaka er at 2022 er det 7 året sidan me endra rekneskapsprinsipp når det gjeld premieavvik i KLP.

Samstundes er det nedgong i rammetilskotet.

Skatten er på veg opp igjen etter ein budsjetttert reduksjon i 2020. Me aukar mindre enn tidlegare på skatteinntekter knytt til inntekt og formue. I 2018 var skatten på kr 95,6 mill. i 2018 kroner.

Summen av desse trendane i høve til kostnadene og inntekter syner at noko må gjerast for å klara å oppnå eit positivt driftsresultat frå 2023.



Foto: Eldfinn Austigard

5.0 Budsjett og rammer for 2020– 2023

5.1.1 Hovedoversikt drift 21– 24

	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskudd	-94 198 383	-100 000 000	-99 500 000	-97 500 000	-97 500 000	-97 500 000
Inntekts- og formuesskatt	-73 166 638	-96 457 000	-97 000 000	-97 000 000	-97 000 000	-97 000 000
Eiendomsskatt	-31 189 391	-31 700 000	-37 000 000	-37 000 000	-37 000 000	-37 000 000
Andre skatteinntekter	-36 558 185	-14 100 000	-14 100 000	-14 100 000	-14 100 000	-14 100 000
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-7 779 600	-3 630 000	-180 000	0	0	0
Overføringer og tilskudd fra andre	-33 428 192	-18 239 355	-19 646 914	-19 646 914	-19 646 914	-19 646 914
Brukerbetalinger	-11 396 543	-11 833 249	-11 544 889	-11 544 889	-11 544 889	-11 544 889
Salgs- og leieinntekter	-48 468 115	-41 637 355	-48 258 431	-48 481 825	-49 121 825	-49 221 825
SUM DRIFTSINNTEKTER	-336 185 047	-317 596 959	-327 230 234	-325 273 628	-325 913 628	-326 013 628
Lønnsutgifter	170 657 432	166 972 910	166 033 158	165 808 158	165 358 158	165 358 158
Sosiale utgifter	37 341 370	38 851 002	40 405 101	41 341 435	43 214 103	44 214 103
Kjøp av varer og tjenester	84 926 555	81 476 149	86 190 168	86 302 472	85 542 426	84 442 426
Overføringer og tilskudd til andre	20 052 815	25 972 886	21 436 195	21 436 195	21 436 195	21 436 195
Avskrivninger	18 194 168	18 947 730	20 145 686	20 345 686	20 545 686	20 745 686
SUM DRIFTSUTGIFTER	331 172 340	332 220 677	334 210 308	335 233 946	336 096 568	336 196 568
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-5 012 707	14 623 718	6 980 074	9 960 318	10 185 940	10 182 940
Renteinntekter	-4 268 416	-4 070 000	-2 970 000	-2 970 000	-2 970 000	-2 970 000
Utbytter	-5 467 000	-5 400 000	-5 800 000	-5 800 000	-5 800 000	-5 800 000
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler	5 035	0	0	0	0	0
Renteutgifter	5 680 012	7 241 046	5 741 046	5 241 046	5 241 046	5 241 046
Avdrag på lån	15 588 156	12 500 000	13 000 000	13 000 000	13 500 000	13 500 000
NETTO FINANSUTGIFTER	11 537 787	10 271 046	9 971 046	9 471 046	9 971 046	9 971 046
Motpost avskrivninger	-18 194 169	-18 947 730	-20 153 986	-20 153 986	-20 153 986	-20 153 986
NETTO DRIFTSRESULTAT	-11 669 089	5 947 034	-3 202 866	-722 622	0	0
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	0	0	0
Overføring til investering	5 000 000	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	4 430 613	-5 365 454	58 022	-107 428	203 485	85 418
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	11 149 465	-581 580	3 144 844	830 050	-203 485	-85 418
Bruk av tidligere års mindreforbruk	-15 337 718	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	5 242 360	-5 947 034	3 202 866	722 622	0	0
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	-6 426 729	0	0	0	0	0

Merk at naturressursskatten blir flytta til «Andre direkte eller indirekte skatter» i rekneskapen til årsoppgjeret.

I budsjettet ligge den under Skatt på inntekt og formue, den er inkludert i denne posten gjennom året og vi veit ikkje talet før årøppgjeret

5.1.2 Bevilgingsoversikt

Bevilgningsoversikt 1A	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskudd	-94 198 383	-100 000 000	-99 500 000	-97 500 000	-97 500 000	-97 500 000
Inntekts- og formuesskatt	-73 166 638	-96 457 000	-97 000 000	-97 000 000	-97 000 000	-97 000 000
Eiendomsskatt	-31 189 391	-31 700 000	-37 000 000	-37 000 000	-37 000 000	-37 000 000
Andre generelle driftsinntekter	-44 337 785	-17 730 000	-14 280 000	-14 100 000	-14 100 000	-14 100 000
SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER	-242 892 197	-245 887 000	-247 780 000	-245 600 000	-245 600 000	-245 600 000
Sum bevilgninger drift, netto	219 685 322	241 562 988	234 614 388	235 214 632	235 237 254	235 037 254
Avskrivninger	18 194 168	18 947 730	20 145 686	20 345 686	20 545 686	20 745 686
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	237 879 490	260 510 718	254 760 074	255 560 318	256 642 212	257 742 212
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-5 012 707	14 623 718	6 980 074	9 960 318	11 042 212	12 142 212
Renteinntekter	-4 268 416	-4 070 000	-2 970 000	-2 970 000	-2 970 000	-2 970 000
Utbytter	-5 467 000	-5 400 000	-5 800 000	-5 800 000	-5 800 000	-5 800 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	5 035	0	0	0	0	0
Renteutgifter	5 680 012	7 241 046	5 741 046	5 241 046	5 241 046	5 241 046
Avdrag på lån	15 588 156	12 500 000	13 000 000	13 000 000	13 500 000	13 500 000
NETTO FINANSUTGIFTER	11 537 787	10 271 046	9 971 046	9 471 046	9 971 046	9 971 046
Motpost avskrivninger	-18 194 169	-18 947 730	-20 153 986	-20 153 986	-20 153 986	-20 153 986
NETTO DRIFTSRESULTAT	-11 669 089	5 947 034	-3 202 866	-722 622	0	0
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	0	0	0
Overføring til investering	5 000 000	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne fond	4 430 613	-5 365 454	58 022	-107 428	203 485	85 418
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	11 149 465	-581 580	3 144 844	830 050	-203 485	-85 418
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
SUM DISPONERINGERELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	20 580 078	-5 947 034	3 202 866	722 622	0	0
FREMFORRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	-6 426 729	0	0	0	0	0



5.1.3 rammer per ansvar. Budsjettskjema 1b

Tala er eksklusive fond, fondsbruk ligg i skjema 1a

Ansvar	Beskrivelse	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
1000	Rådmann og ass rådmann	6 713	8 968	9 915	9 915	9 915	9 915
1001	Politisk nivå	3 589	4 507	4 706	4 706	4 706	4 706
1002	Næringsliv	3 248	9 750	4 565	4 565	4 565	4 565
1003	Den Norske Kirke	3 808	3 750	3 650	3 650	3 650	3 650
1100	Fagområde IKT	4 791	7 063	7 728	7 728	7 728	7 728
1101	Ikt RITS	1 331	1 781	1 996	1 996	1 996	1 996
1200	Kundesenter	2 299	2 452	2 628	2 628	2 628	2 628
1300	Plan, utvikling og forvaltning	3 979	4 130	4 463	4 463	4 463	4 463
1400	Økonomi	6 010	5 294	5 125	5 125	5 125	5 125
1600	Fagområde personal	4 693	5 969	5 100	5 100	5 100	5 100
1800	Fellesutgifter	151	278	378	378	378	378
2000	Oppvekst	10 644	8 837	8 289	8 289	7 712	7 712
2010	Kulturskulen	2 150	2 116	2 147	2 147	2 147	2 147
2100	Hjelmeland skule	28 796	29 973	30 021	30 021	30 021	30 021
2200	Årdal skule	8 950	8 715	8 359	8 038	8 038	8 038
2400	Fister skule	9 198	8 526	8 524	8 524	8 524	8 524
2500	Hjelmeland barnehage	10 704	9 849	9 098	9 098	9 098	9 098
2530	Jøsenfjorden barnehage	1 915	1 868	2 261	2 261	2 261	2 261
2600	Årdal barnehage	6 609	6 958	6 152	6 152	6 152	6 152
2700	Fister barnehage	4 878	4 442	5 458	5 458	5 458	5 458
2800	Flyktningetenesta	4 609	2 176	1 249	1 249	1 249	1 249
2900	Vaksenopplæring	1 235	1 468	186	186	186	186
3000	Helse og omsorg	80	619	1 795	1 778	1 778	1 778
3100	Hjelmeland omsorgsenter	25 817	24 787	25 127	25 127	25 127	25 127
3110	Tilrettelagde tjenester	6 851	5 812	6 272	6 272	6 272	6 272
3200	Årdal omsorgsenter	18 289	17 743	18 060	18 060	18 060	18 060
3300	NAV	3 911	4 972	5 349	5 349	5 349	5 349
3400	Barn og familie	9 093	10 486	10 600	10 600	10 600	10 600
3500	Helse	13 146	14 765	14 759	14 759	14 759	14 759
5000	Kultur og fritid	4 076	4 932	4 607	4 607	4 607	4 607
6000	Bygg og anlegg	26 655	25 686	25 619	25 619	25 619	25 619
6025	IVAR vann og avløp	-4 139	-2 877	-2 918	-2 779	-3 120	-3 020
9000	Skatt, ramme,lån, finans	-8 033	-4 234	-6 667	-5 667	-4 526	-4 626

Det bør bemerkeast at næringsliv i 2020 er budsjettert med kr 5 mill til Helgøy bru og at tala her er eksklusive bruk av fond.

5.1.4. Budsjett per hovudområde

Driftsoversikt pr sektor	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Tal i heile tusen						
Hjelmeland	226 046	241 561	234 601	235 402	236 484	237 584
Hovudområde Rådmann, politisk, næringsliv, staber, IT	32 825	46 062	42 141	42 141	42 141	42 141
Den norske kyrkja	3 808	3 750	3 650	3 650	3 650	3 650
Utvikling, Plan og forvaltning	3 979	4 130	4 463	4 463	4 463	4 463
Hovudområde Oppvekst	89 688	84 928	81 744	81 423	80 846	80 846
Hovudområde Levekår	77 187	79 184	81 962	81 945	81 945	81 945
Kultur og fritid	4 076	4 932	4 607	4 607	4 607	4 607
Bygg og anlegg	26 655	25 686	25 619	25 619	25 619	25 619
VA sektor	-4 139	-2 877	-2 918	-2 779	-3 120	-3 020
Skatt, lån, finans, felles	-8 033	-4 234	-6 667	-5 667	-4 526	-4 626

Oversikt hovudpostar. (Tal i heile tusen)

	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Lønn og sosiale utg	205 861	202 881	204 340	205 052	206 474	207 474
Kjøp inngår i tj prod	57 232	57 026	60 285	60 235	59 376	58 276
Kjøp erstatter tj prod	29 833	27 393	28 003	28 165	28 264	28 264
Overføringer fra komm	20 048	25 923	21 386	21 386	21 386	21 386
Finansutgifter	79 104	53 287	57 012	54 369	54 035	54 353
Salgsinntekter	-59 865	-53 471	-59 803	-60 027	-60 667	-60 767
Refusjoner	-33 419	-18 179	-19 577	-19 577	-19 577	-19 577
Overføringer til komm	-242 892	-245 937	-247 830	-245 650	-245 650	-245 650
Finansinntekter	-55 901	-48 923	-43 816	-43 953	-43 643	-43 761
Sum	0	0	0	0	0	0



Oversikt og utvikling utvalde tenester. (Viktige kostra områder.)

Framtidig proritering

Driftsoversikt / utvikling på utvalde tenester	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	
Tal i heile tusen					
					Kommentarer
Politisk nivå, revisjon	3 589	4 507	4 706	4 706	
Råmann, stab	6 713	8 968	9 915	9 915	Auka i 2020 er fiberutbygging, førebels ligg dette til rådmannen. I tillegg aukar IKT
Næringslivsatsing	3 248	9 750	4 565	4 565	Helgøy bru i 2020, Hjelmland naturlegvis
Barnehager	24 106	23 117	22 969	22 969	
Skuler	49 094	49 330	49 051	48 730	
Vakse nopplæring	367	701	178	178	
SFO	2 262	2 066	1 396	1 396	
Skuleskyss, oppvekst	2 424	3 500	1 700	1 700	
Førbygging helse, helsestasjon	1 994	2 454	3 022	3 022	overflytting fra He imeteneste
Aktivisering brukere	404	938	1 067	1 099	
Lege tjeneste	6 080	6 439	6 778	6 728	Ikke inkl legevakt
Sosialhjelp	1 617	1 436	1 688	1 688	
Barnevern	9 151	10 649	10 666	10 666	
Helse og pleie, institusjon	33 271	30 543	33 152	33 152	
Helse og pleie, i hjemmet	19 743	20 963	20 115	20 115	
Plan, byggesaker, kart og oppmåling	3 979	4 130	4 463	4 463	
Beredskap brann og ulykker	3 561	2 412	3 422	3 422	
VA drift	-1 239	-1 141	-946	-972	
Idrettsanlegg/sentralidrettsanlegg	2 243	2 130	2 114	2 114	
Annen støtte til drift, eksternt	2 209	2 746	2 718	2 718	

Oversikt bruk av kraftfondet

Bruk av Fond		Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Kraftfondet				
1001	Bruk av bundne driftsfond	-88		
1002	Bruk av bundne driftsfond	-2 744	-9 000	-3 800
1300	Bruk av bundne driftsfond	-1 819	-1 826	-1 826
1400	Bruk av bundne driftsfond	-977	0	0
5000	Bruk av bundne driftsfond	-390	-680	-680
9000	Bruk av bundne driftsfond	-5 000	-5 000	-5 000
	Sum kraftfondet	- 11 018	- 16 506	- 11 306
Andre bundne fond				
6025	Bruk av bundne driftsfond	0	-659	-464
9000	Bruk av bundne fond	- 400 000	0	0

Kommuneplanen har eit mål om at frå 2020 så skal halvparten av årleg avsetjing frå kraftfondet øymerkast næring. Bundne fond utover kraftfondet og sjølvkostområda, er øymerka midlar som blir avsett til respektive føremål og blir løfta inn i driftsrekneskapen når prosjekta skal finansierast / gjerast opp. Desse vert det sjeldan budsjettert bruk på Omsorgssentra har kvar sitt øymerka fond som dei kan bruka til bestemte vedatte føremål. Dei visas ikkje her

6. VAR

6.1 VA, utvikling kostnader som danner grunnlag for gebyrer

Vatn :	Regnskap	Regnskap	Regnskap					
	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Beregningselementer	Sum	Sum	Sum					
Direkte driftskostnader	5 420 773	5 376 444	6 515 244	6 630 800	6 580 300	6 679 005	6 745 795	6 745 795
Indirekte driftsutgifter	440 227	375 000	285 000	100 000	90 000	90 000	90 000	90 000
Kapitalkostnader (avskrivninger)	1 745 973	1 887 998	1 959 205	2 016 133	2 058 000	2 158 000	2 258 000	2 358 000
Kalkulerte kapitalkostnader	640 910	779 680	762 380	735 931	699 007	709 007	719 007	729 007
Gebyrgrunnlag	8 247 883	8 419 122	9 521 829	9 482 864	9 427 307	9 636 012	9 812 802	9 922 802
Gebyrinntekter, årsgebyrer	-7 831 712	-8 235 089	-9 554 883	-8 736 606	-8 736 000	-8 960 000	-9 600 000	-9 700 000
Tilknytningsgebyr				-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Renteinntekter fond	-38 555	-12 100		-23 898	-15 529	-7 925	-447	-6 000
Andre inntekter	-14 356		-12 100	-12 100	-12 100	-12 100	-12 100	-12 100
Netto kostnad	363 261	171 934	-45 154	510 260	463 678	455 986	255	4 702
Avsetn.(+)/bruk av fond(-) for 201	-363 261	-171 934	45 154	-510 260	-463 678	-455 986	-255	-4 702
Saldo selvkostfond	1 583 955	1 412 021	1 457 175	946 915	483 237	27 251	26 996	22 294

Avløp:	Regnskap	Regnskap	Regnskap					
	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Beregningselementer	Sum	Sum	Sum	Sum	Sum	Sum		
Direkte driftskostnader	2 804 271	2 538 792	2 688 265	3 266 915	3 180 000	3 243 600	3 276 036	3 276 036
Indirekte driftsutgifter	227 738	177 000	120 000	90 000	90 000	90 000	90 000	90 000
Kapitalkostnader (avskrivninger)	371 681	294 926	282 872	258 855	349 866	449 866	549 866	649 866
Kalkulerte kapitalkostnader	72 918	75 999	71 440	68 565	72 754	82 754	92 754	102 754
Gebyrgrunnlag	3 476 608	3 086 717	3 162 577	3 684 335	3 692 620	3 866 220	4 008 656	4 118 656
Gebyrinntekter, årsgebyrer	-3 300 761	-3 585 950	-3 775 122	-3 707 000	-3 650 000	-3 650 000	-3 650 000	-3 650 000
Tilknytningsgebyr				-100 000	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Renteinntekter fond	-2 620	-		-18 233	-20 544	-21 002	-18 620	-15 000
Netto kostnad	173 227	-499 233	-612 545	-140 898	-27 924	145 218	290 036	403 656
Avsetn.(+)/bruk av fond(-) for 201	-132 330	499 233	612 545	140 898	27 924	-145 218	-290 036	-403 656
Saldo selvkostfond	-	499 233	1 111 778	1 252 676	1 280 600	1 135 382	845 346	441 690

Tala her er indeksregulert for kvart år og avviker difor noko fra tala i nudsjettskjema 1B

6.2 Grunnlag for VAR gebyrer

Økning av samlet inntekt	2020	2021	2022	2023	2024
Grunnlag for gebyrer					
2020 priser					
Vann					
Endring gebyrinntekter fra året før	-8 736 606	-8 736 000	-8 960 000	-9 600 000	-9 700 000
% endring		0,00	2,51	6,99	1,02
I 2023 er fondet brukt opp slik det ser ut nå					
Avløp					
Endring gebyrinntekter fra året før	-3 707 000	-3 650 000	-3 650 000	-3 650 000	-3 650 000
% endring		-2,81	0 %	0 %	0

Kva dette vil utgjera i gebyr for den einskilde kjem fram i gebyrregulative

7. Tiltak som er innarbeidet i budsjett

Løn

Det er føreteke nokon omrokkingar i budsjettet i høve til fastløn og variabel løn. Fastløn er noko redusert i høve til reviderte antal årsverk som skal inn i ramma til fastløn. Samstundes er variabel løn styrka. Innan omsorg er det lagt inn budsjett til vikarbyrå. Totalt sett er ikkje lønsbudsjettet auke i særleg grad.

Variabel løn

Det er teke utgangspunkt i korttidsfråver i arbeidsgiverperioden. Dette er heilt og fullt kommunen sin kostnad. Vi har estimert kostnad for variabel løn for vikarar som er naudsynte for å dekkja opp korttidsfråveret. Det er ikkje midlar nok til å imøtekomma estimert behov. Dette har og samanheng med at ein leder må vurdere behovet for vikarar når eit korttidsfråver oppstår, og dei vil ikkje få budsjett for full dekning.

Omsorgssentra med turnus og barnehagar er prioriterte i 2021, man dei fleste driftseiningar har fått ei auke på variabel løn.

I tillegg er budsjettet innretta slik at det som hovudregel ikkje ligg budsjett på sjukelønsrefusjonar og fødselspengar, det betyr at desse refusjonane kan nyttast til vikarar for denne type långtidsfråver. Dette vikarebhovet skal sjølvsgagt også vurderast.

Det finst unntak, einskilde einingar har eit budsjett på refusjonar frå nav, dette er i såfall etter avtale. Dei kan ha fått lov å auke grunnbemanninga ut i frå prinsippet heiltidskultur eller for å behalda naudsynt kompetanse. Desse ekstra ressursane skal då redusera behov for innleige ved sjukefråvær og me har finansierte det ved å leggja inn budsjett på refusjonar.

Kyrkja

Me har redusert driftstilskotet med kr 100 000 i 2021.

Dette er i høve til at Hjelmeland mista om lag 80 innbyggjarar i 2020. Me har korrigert overføringane for 1,3 årverk til gravplassar og me brukar eit anslag på at 80 % av innbyggjarane er medlem i kyrkja.

Utbetaling i stønad pr medlem vil då i 2021 liggja då på om lag kr 1 400 pr medlem. Snitt av denne utbetalinga pr medlem ligg i kommunegruppe 3 på om lag 1 150.

Me skal betala same beløp pr medlem til alle andre godkjende trus- og livssynssamfunn, og difor må me halde det på eit nivå som gjer at me har dekning for støtta til denne utbetaling. Denne utbetalinga til andre trussamfunn er frå 2021 overført til staten, men me blir trekt i rammetilskotet for berekna beløp.

IKT

Her fyljer med budsjettvedtak i IT styret, det tilseier ei auke på kr 540 000

Husbanken

Støtte til utbetringar kr 100 000

Ny Reapeterbu

Vil bli tatt innfor budsjettet

Inntekter frå havbruksfondet

Me har vald å leggja inn budsjett på kr 3 mill pr år i perioden på inntekter frå havbruksfondet, basert på signaler om grunnlag for utbetaling 2021 og endring frå 2022 om innretning av utbetaling til kommunar.

Gebyr

Inntektene er ikkje regulerte i henhold til forslag nye gebyrer 2021.

Me har valgt å avventa til det føreligg vedtak om gebyrer for 2021 før me føretar budsjettendringar som kjem som ein konsekvens av vedtaket.

Endringar som ligg som nye tiltak og er teke med i budsjettet.

Smittevern

Vi er pålagt å ha smittevernutstyr på lager. Hjelmeland kommune finner det hensiktsmessig å sette av midler til å dekke lager ut 2021, frå 2022 velger vi å avvente.

Det settes av kr 50 000 for 2021

Ressurs oppvekst

-Det er vidareført eit ekstra årsverk til juni 2021, dette årsverket blei satt inn sommaren 2020 ut i frå eit naudsynt behov for å kunna overhalde smittevernreglar i heile skuletida

0,5 årsverk, kostnad kr 320 000

-Rullerende opptak i barnehage. Antal born i barnehagane endrar seg, i skrivande stund er det ikkje behov for å auka bemanning i nokon barnehagar dersom det kjem ekstra born. Me har allikevel vald å setja av midler til eit årsverk fram til i tilfelle det skulle skje ei uventa auke her. Dette vil bli vurdert gjennom året.

1 årsverk, kr 570 000

Ressurs Helse og omsorg

Hjelmeland er pålagt å ha tilbud om psykolog og det er lagt inn 50% årsverk til dette, For 2021 er det ikkje forventa at denne er på plass frå 01.01.2021

Det er og lagt inn eit årsverk som skal dekkja behov for ergoterape/ aktivtør og oppgåver innan velferdsteknologi og utviklinga der

0,5 årsv psykolog kr 320 000 1 2021, auka til 350 000 frå 2022

1 årsv ergoterapeut/ aktivtør/ prosjektleder velferdsteknologi kr 700 000

0,5 årsverk styrking omsorgssentra. Heiltidskultur og kompetanseheving.

Leasingbil, for å effektivisera køyring vil me sjå på ordning med leasingbil. Vurdera onvensjonell med El bilar/opp motrekkevidde/ ladestruktur.

Effektiviseringstiltak

Som nemd tidlegare er det lagt inn ei innsparing i års 2023 og 2024 på henholdsvis kr 850 000 og 1,95 mill

7.2 Forslag som ikkje er med i budsjettet

Sykkelløp

Rådmannen finn ikkje å kunne tilrå støtte til sykkeløp.

7.3. Kostnader nye tiltak

Rapport tiltak						
Kapittel : Rådmannsnivå						
Tiltak	003: Helse - Infodoc i sky					
Beskrivelse	Infodoc flytte nå løsningen sin fra lokale server til en SaaS løsning som ligger i Azure, dette medfører økning i driftskostnadene					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Fagområde IKT (1100)					
SUM NETTO TILTAK		241 290	241 290	241 290	241 290	965 160
Tiltak	006: Innkjøp - RITS prosjekt 2021					
Beskrivelse	Endre grensesnitt fra Tradeshift til Visma for eHandel					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Fagområde IKT (1100)					
SUM NETTO TILTAK		2 600	2 600	2 600	2 600	10 400
Tiltak	002: Portal - RITS prosjekter 2021					
Beskrivelse	Videreutvikle Min Side (Q1/Q2)Acos Interact Flow (Q1/Q2)Elektronisk signatur på skjema					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Fagområde IKT (1100)					
SUM NETTO TILTAK		90 400	90 400	90 400	90 400	361 600
Tiltak	009: Resursstyring - Visma Ressurs App					
Beskrivelse	Mobil app for resursstyring					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Fagområde IKT (1100)					
SUM NETTO TILTAK		16 200	16 200	16 200	16 200	64 800
Tiltak	001: RITS - Felles RITS prosjekter					
Beskrivelse	Nytt helpdesksystem (27 000) og utvidet autentisering koble Azure med MinID pålogging (7 200)					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Ikt RITS (1101)					
SUM NETTO TILTAK		34 200	34 200	34 200	34 200	136 800
Tiltak	004: Sosial - RITS prosjekter 2021					
Beskrivelse	Innsynsløsning for økonomisk sosialhjelpVisma Gjeldssak Arkiv					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Fagområde IKT (1100)					
SUM NETTO TILTAK		35000	35000	35000	35000	140000
Tiltak	005: Økonomi - RITS prosjekter 2021					
Beskrivelse	Min side (ansatte)					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Fagområde IKT (1100)					
SUM NETTO TILTAK		18720	18720	18720	18720	74880

Tiltak	012: 1800 Husbanken støtte					
Beskrivelse	Naudsynt støtte til ombygging, lettere endringar					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Fellesutgifter (1800)					
SUM NETTO TILTAK		100 000	100 000	100 000	100 000	400 000
Kapittel : Oppvekst						
Tiltak	007: KS 44/20- Opptak og bemanning barnehage					
Beskrivelse	Det settes av 1 ekstra årsverk i 2021 og 2022					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Oppvekst (2000)					
SUM NETTO TILTAK		577 332	577 332	-	-	1 154 664
Tiltak	010: 2200 auke årsverk					
Beskrivelse	Ressurskrevende bruker, behov for å styrke bemanning, for inneværende skoleår, lagt inn 0,5 år					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Årdal skule (2200)					
SUM NETTO TILTAK		320 740	-	-	-	320 740
Kapittel : Helse						
Tiltak	011: 3000, Ergoterapeut, velferdsteknologi					
Beskrivelse	Behov for Auka ressursar for ergoterapeut/ aktivtør og utvikling velferdsteknologi					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Helse og omsorg (3000)					
SUM NETTO TILTAK		705 628	705 628	705 628	705 628	2 822 512
Tiltak	014: 3000 Leasingbil					
Beskrivelse	En leasingbil til omsorgssentra for å organisere kjøring og å kjøre mer effektivt					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Helse og omsorg (3000)					
SUM NETTO TILTAK		100 000	100 000	100 000	100 000	400 000
Tiltak	008: 3000 Psykolog					
Beskrivelse	Lovpålagt med psykolog i kommunene					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Helse og omsorg (3000)					
SUM NETTO TILTAK		320 740	352 814	352 814	352 814	1 379 182
Tiltak	013: 3000 Smittevern					
Beskrivelse	Påbudt lager smittevernutstyr					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Helse og omsorg (3000)					
SUM NETTO TILTAK		50 000	-	-	-	50 000
Tiltak	015: 3200 Ekstra bemanning					
Beskrivelse	Naudsynt styrking for ressurskrevende brukare					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Årdal omsorgssenter (3200)					
SUM NETTO TILTAK		352 814	352 814	352 814	352 814	1 411 256
Tiltak	016: 9000 Effektivisering 2023 og 2024					
Beskrivelse	Effektivisering av drifta					
		2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar : Foreløpig 9000					
				- 859 272	- 1 959 272	- 2 818 544

8. Budsjettkommentarar frå einingane

Politisk styring.

Netto driftsramme: 4 706 000,-

Ansvarsområdet folkevalde/politisk nivå inneheld tenestemåra Politisk styring, Revisjon og kontrollutval, eigedoms-kattenemnder, råd for eldre, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd, barn og unges kommunestyre, partistøtte/val, regionråd, og kostnader vedk. Hjelmelandsprisen.

Under politisk styring vert ført utgifter til politisk verksemd, løn/godtgjersler til ordførar og folkevalde elles, samt andre driftskostnader til verksemda. Utgifter til kontrollutval og revisjon vert likevel ført på eige område. Administrasjonen sine utgifter i samband med sekretariatsfunksjonar er ikkje inkludert – desse kostnadane vert ført på administrasjonen slik at dette gir ikkje eit komplett bilete av ansvar 1001

Her blir ført kostnadar til kjøp av revisjonstenester, til kontrollutvalssekretariat, og utgifter til sjølve kontrollutvalet si verksemd (godtgjersler medlemmer, møtekostnadar, reise, kurs m.m.) Kontrollutvalet kjem kvart år med sitt budsjettframlegg, som vert lagt inn i budsjettdokumentet uendra frå rådmannen si side. Skal det gjerast endring i dette forslaget, er det kommunestyret sjølv som må gjere dette i følgje lov/regelverk.

Nivået for møtegodtgjersler til folkevalde vert vidareført i 2021. Dette gjeld ikkje for ordførarar og andre representantar med faste godtgjersler. Kostnader til møter i formannskap, AFU og administrasjonsutval på dagtid er ikkje lagt inn i budsjettet. Det er vedtatt at møta i formannskap, AFU og administrasjonsutval skal gå på dagtid.

Partistøtte (p.t ca kr 60 000,- dersom nivået vert oppretthaldt) i 2021.

Midlar til barn og unges kommunestyre er lagt inn i denne ramma. Dette gjeld og den disponible summen på 50 000,- .



Hjelmeland kommunestyre 2019– 2023

Kostra tabellar, forklaring

Samelikningar med andre kommunar kan være nyttig for å sjå korleis Hjelmeland kjem ut på ein del nøkkel tal. Me har vald å samanlikna med kostragruppe 3. Dette er kommunar som er samanliknbare når det gjeld folketal og rekneskapstal. Geografisk storleik og strukturen på tenestetilbodet er ikkje hensyntatt. I vår kostragruppe finn me mellom andre Sauda, Vik, Høyanger, Vinje og Tokke kommune. Me har og med ein tabell som syner landet under eit (med unntak av Oslo.).

Kostratabellane blir presentert i tilknytting til budsjettkommentarane frå einingane.

Barnehage

Nøkkeltall	Enhet	Hjelmeland	Kostragruppe	Landet uten C
		2019	2019	2019
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-2 år (prosent)	prosent	77,8	84,7	84,6
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)	prosent	88,6	92,6	92,4
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år (prosent)	prosent	93,8	97,2	97,3
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (prosent)	prosent	100	77,7	49,1
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehager (antall)2	antall	5,4	5	5,7
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning (prosent)4	prosent	47,6	38,8	41,5
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)1	prosent	4,8	3,4	3,9
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehager (f201, f211, f221) per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager	kr	96,9	85,8	78,8
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år (prosent)	prosent	82,9	84	83
Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	14,6	11	14,3
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år (kr)	kr	198422	182777	163207
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)5	kr	78,5	72,6	62,7



Skule	Enhet	Hjelmeland	Kostragruppe	Landet uten C
		2019	2019	2019
Nøkkeltall				
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	antall	58,4	51,2	36,3
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	antall	178,4	164,9	139,9
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (prosent)1	prosent	6,3	4,7	4,9
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	prosent	8,1	9,1	7,8
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	prosent	78,8	73,1	75
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	prosent	76,5	64,3	68,7
Gruppestørrelse 2 (antall)	antall	12,1	11,7	15,8
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	antall	42	41,2	41,7
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	30,2	22,1	23
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (kr)	kr	185445,4	160215,6	117307,7

Eining: Oppvekst

Tallet på faste årsverk :
2

Budsjett ramme:
8 289 000,-

Inntekter i budsjettet

Kort om verksemda:

Oppvekst har ansvar for barnehagane, skulane, flyktningtenesta og kulturskulen.

Mål for fagleg utvikling(Satsingsområde):

Barnehagane og skulane skal leggja til rette for gode oppvekstvilkår. Tenestene skal ha god kvalitet, og dei tilsette rett kompetanse. Me skal jobba for barnet sitt beste gjennom heile oppveksten.

Flyktningtenesta skal arbeida for å få flyktningane godt integrerte i samfunnet, og hjelpa dei fram mot arbeid.

Ønska nye tiltak med grunngjeving (investering og drift):

Ny programvare i høve ny læreplan.

Frå hausten 2021 må me kjøpa lærebøker i nokre fag.

Kompetanseheving er viktig i alle einingane.

Planl. HMS tiltak :

Smittevernstiltak i høve koronasituasjonen vil vera eit hovudfokus.

Planl. tiltak førebygging.

Planar for å møte gjeldande smittevernstiltaka i koronasituasjonen.

Beredskap: Vera oppdatert på epidemien.

Planl. Tiltak med frivillige/ med lokalsamfunnet:

Sjå den einskilde eining.

Klimatiltak:

Både barnehage og skule har miljøvern og klima som tema i planverket.

Tiltak heiltidskultur:

Oppvekst har fokus på å tilsetja i 100% stillingar.

Utviklingssamtalar:

Gjennomfører samtale med den enkelte ein gong pr. år.

Eventuelle forklaringar/ presiseringar/ særlege utfordringar:

Nye kompetansekrav i skulen, gjer at det er vanskeleg å skaffa lærarar med rett kompetanse.

Me har ei gruppe flyktningar som det er vanskeleg å skaffa jobb til.

Me er ikkje nøgde med IST barnehage- og skuleadministrativt system, og IST Direkte (kommunikasjonsverktøy for barnehage). Dei er lite intuitive og tungvinte løysingar.

Eining: Hjelmeland barnehage

Tallet på faste årsverk

16.6

Budsjett ramme:

9 098 000,-

Inntekter i budsjettet

Kort om verksemda:

Hjelmeland barnehage har 57 barn fordelt på 5 avdelingar, og to hus. Toddler toppen (små barn) og Nøtteskogen (store barn). Natur og miljø er årets tema. Der me legg vekt på at barn skal bli glad i å ferdes, og ta vare på naturen.

Språk og vaksenrolla har me også fokus på.

Mål for fagleg utvikling (Satsingsområde): Felles satsingsområde i regi av REKOMP.

1. Inkluderande miljø for omsorg, lek, læring og danning.

2. Barnehagen som pedagogisk verksemd

Ønska nye tiltak med grunngjeving (investering og drift):

Kjøkken på avdeling Bøkehemsan.

Utstyr til ulike aktiviteter ute i naturen.

Planl. HMS tiltak :

Førstehjelpskurs.

Opplæring i HMS perm.

Planl. tiltak førebygging.

Brannvern og trafikk, faste veker i årshjulet.

Beredskap: Case med utgangspunkt i tiltakskort på personalmøta.

Planl. Tiltak med frivillige/ med lokalsamfunnet .

Ulike arrangement for foreldre, beste-foreldre og søsken.

Besøke biblioteket

Klimatiltak:

Fokus på å sortere og plukke søppel.

- Begrense plastbruk.

- Tema i rammeplan

Tiltak heiltidskultur:

12, 100%, 5, 80% og 1 60%

Utviklingssamtalar:

Februar.

Eventuelle forklaringar/ presiseringar/ særlege utfordringar:

Vår visjon er; Det beste for barnet. Det kan være utfordrande å få til ved mykje fråver. Spesielt i denne tida me nå er inne i.

Eining: Årdal barnehage

Tallet på faste årsverk

11

Budsjett ramme:

8 359 000,-

Inntekter i budsjettet

Kort om verksemda: 37 barn fordelt på 3 avdelingar. Me går inn i vårt 40 år nå, noko som betyr at i år er det jubileums år. Me har ein flott ny barnehage som ligger perfekt plassert i bygda. Kort vei ut i naturen.

Mål for fagleg utvikling(Satsingsområde):

Felles satsingsområde i regi av REKOMP.

1.Inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning.

2. Barnehagen som pedagogisk verksemd

Temaet for året er «vil du være vennen min» der me har ei problemstilling som er «Korleis kan me skape eit inkluderande fellesskap i barnehagen, der alle barn får oppleve tilhørighet og vennskap?» Me skal gjennom ulike tema for å finne ut av denne problemstillinga vår.

Ønska nye tiltak med grunngjeving (investering og drift):

Oppgradering av uteområdet. Me har fått ny flott barnehage, men uteområdet har aldri vore bra. Det er sendt inn avvik til teknisk.

Me treng nytt stellebord på den eine småbarnsavdelinga. Dette var ikkje med i pakken då me starta i ny barnehage, dermed manglar me eit.

Planl. HMS tiltak :

Me går gjennom tiltakskort i beredskapsplanen kvart personal møte, og me følger smittevern i Covid-19 situasjonen

Planl. tiltak førebygging.

Beredskap: tiltakskort på personalmøta.

Trafikk tema kvar månad.

Planl. Tiltak med frivillige/ med lokalsamfunnet .

Me har 40 årsjubileum, håper på ei kreativ markering av dette.

Me går på gledingsturar.

Klimatiltak:

Tur med retur
Begrense plastbruk
Tenke over kva formingsmateriale me brukar

Tiltak heiltidskultur:
Dei som går redusert får tilbudet om å gå meir når me treng vikar.

Utviklingssamtalar:

Februar/mars

Eventuelle forklaringar/ presiseringar/ særlege utfordringar:

Koronaepidemien.

Eining: Fister barnehage

Tallet på faste årsverk :
9

Budsjett ramme:
5 458 000,-

Inntekter i budsjettet

Kort om verksemda:

Fister barnehage har 27 barn fordelt på to avdelingar. Både inne og uteområda er funksjonelle og romslege.

Me liker godt å vera på tur i nærmiljøet og i naturen. Me har og fokus på barn og språk.

Mål for fagleg utvikling(Satsingsområde)

Inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning.

Barnehagen som pedagogisk verksemd.

Ønska nye tiltak med grunngjeving (investering og drift):

For å kunne bruke naturen ennå meir enn me gjer i dag, ynskjer me oss ein romsleg lavvo.

Planl. HMS tiltak :

Årleg førstehjelpskurs
Alle tilsette skal kjenne til,
og få opplæring i HMS
perm

Planl. tiltak førebygging.

Beredskap: Trafikk og brannvern saman
med barna.

Beredskapsperm med tiltakskort blir gått
gjennom på personalmøter.

Planl. Tiltak med frivillige/ med lokalsamfunnet

Årlege arrangement med foreldre,
søsken og besteforeldre. «Gleding i
nærmiljøet»

Klimatiltak: Lære barna å
ta vare på leiker og utstyr.
Ta vare på naturen, plukke
med oss søppel. Bruke
miljøstasjonen.

Tiltak heiltidskultur:

8 av 9 faste stillingar er
fulle stillingar.

Utviklingssamtalar:

Til våren med alle.

Eventuelle forklaringar/ presiseringar/ særle- ge utfordringar:

Me har fleire barn i barnehagen som treng spesialpe-
dagogisk hjelp og tilrettelegging. Det er ei utfordring å
gi desse barna det dei treng, samtidig som at alle bar-
na skal ha eit trygt og godt barnehagetilbod,

Eining: Jøsenfjorden barnehage

Tallet på faste årsverk

4

Budsjett ramme:

2 262 000,-

Inntekter i budsjettet

Kort om verksemda:

Jøsenfjorden barnehage har 18 plasser med barn frå 1-5 år. I 2012 flytta barnehagen inn i skulebygget. Det er god plass både inne og ute, et er også gymsal som kan brukast.

Mål for fagleg utvikling(Satsingsområde):

Å drive barnehagen i trå med gjeldande lover og forskrifter. Kommunen sin visjon: Det beste for barnet, med vekt på respekt, omsorg og tryggleik. Barnehagen vil arbeide for at borna skal ha eit godt psykososialt barnehagemiljø. Vi vil arbeide målretta mot dette gjennom observasjonar.

Ønska nye tiltak med grunngjeving (investering og drift):

Me ynskjer å få opp lyddempande plater. Roma er store og høge med mykje gjenklang.

Me ynskjer oss og ein stor kasse/bod ute på leikeplassen til å ha uteleiker i.

Barnehagen har panelovner som oppvarming. Ynskjer deksel på desse slik at barna ikkje kan skru på dei.

Planl. HMS tiltak :

Gjennomføre vernerunde.

Førstehjelpskurs

Planl. tiltak førebygging.

Beredskap: Ha opp beredskaps-
permen på personalmøter, revidere den ved behov.

Planl. Tiltak med frivillige/ med
lokalsamfunnet

Klimatiltak:

Kildesortering og pante
flasker.

Rammeplan

Tiltak heiltidskultur:

4 faste heile stillingar.

Utviklingssamtalar:

Våren 2021. med alle

Eventuelle forklaringar/ presiseringar/ særlege utfordringar:

Koronaepidemien.

Eining: Årdal skule

Tallet på faste årsverk
16,4

Budsjett ramme:
8 359 000,-

Inntekter i budsjettet

Kort om verksemda:

1.-7.skule

Mål for veksemda: Skape god og variert praksis som aukar læringsutbytte hjå elevne.

Visjon: Årdal skule – Trygt og Godt, Lærerikt og Kjekt!

Mål for fagleg utvikling(Satsingsområde):

Digital kompetanse og dømmekraft

Fokus på god undervisningspraksis ved bruk av læringsbrett i undervisninga.

Implementering av ny læreplan, fagfornynging og fokus på god undervisningspraksis.

Ønska nye tiltak med grunngjeving (investering og drift):

Auke i 1 stilling på 100% . I tråd med anbefalinger frå involverte instanser.

Planl. HMS tiltak :

Fokus på Brannsikkerheit, beredskapsplan og trygg skulekvardag.

Planl. tiltak førebygging.

Beredskap:

Beredskapsplan skarpe situasjonar fore-ligger, Me vil gå gjennom denne.

Planl. Tiltak med frivillige/ med lokalsamfunnet

Dag saman med Bondelaget for 5.trinnselevar.

Klimatiltak:

Fokus på bærekraft og opprydning/resirkulering og involvering av elevane i kvardagen.

Tiltak heiltidskultur:

Tilsetter så store stillingar som mogleg ut fra behov for antal hovud.

Utviklingssamtalar:

Utføres Årleg m alle til-sette.

Eventuelle forklaringar/ presiseringar/ særlege utford-ringar:

Korona er ei utfordring

Eining: Fister skule

Tallet på faste årsverk
(Ikkje vikarar):

12,5

Budsjett ramme:

8,5 mill

Inntekter i budsjettet Sal/
brukerbetaling: kr. 400 000,-
Refusjonar:

Kort om verksemda:

1.- 7.skule fådelt. 57 elevar. Fister skule vi har fokus på tryggleik og utvikling, det betyr at me vil vera ein levande og trygg skule der det går an å veksa fagleg og personleg.

Me har om lag 15 born tilknytta SFO.

Mål for fagleg utvikling(Satsingsområde):

Grunnleggande dugleikar i lesing og skrivning. Digital kompetanse og dømmekraft. Implementering av ny læreplan, fag fornyinga.

Ønska nye tiltak med grunngjeving (investering og drift):

Fister skule held til i gamle bygg som treng renovering og må vedlikehaldast. Det trengs oppussing både ute og inne. Fleire manglar også knytta til brann og branndørar gjer at det haster med dette.

Planl. HMS tiltak :

Fokus på brannsikkerheit, beredskapsplan og trygg skulekvardag.

Planl. tiltak førebygging.

Beredskap:

Beredskapsplan skarpe situasjonar
Nye brannteikningar

Planl. Tiltak med frivillige/ med lokalsamfunnet:

Klimatiltak:

Fokus på bærekraft og opprydning/resirkulering og involvering av elevane i kvardagen.

Tiltak heiltidskultur:

tilbod om heile stillingar så sant det let seg gjere.

Utviklingssamtalar: blir utført kvar vår

Eventuelle forklaringar/ presiseringar/ særlege utfordringar:

Gamalt skulebygg med fleire manglar og slitasjar.

Eining: Hjelmeland skule

Tallet på faste årsverk
(Ikkje vikarar): 40

Budsjett ramme:
30 021 000,-

Inntekter i budsjettet Sal/
brukerbetaling:
Refusjonar:

Kort om verksemda:

Føremål med verksemda: Hjelmeland skule er ein 1.-10. skule driven etter lov og forskrifter og kommunale vedtak.
Visjon Hjelmeland skule: Me gjer kvarandre gode

Mål for fagleg utvikling(Satsingsområde):

Implementering av ny læreplan, fagfornyninga og fokus på god undervisningspraksis.

Ønska nye tiltak med grunngjeving (investering og drift): Investering

Public Display (TV-skjerm) i alle klasserom i staden for projektorar. Stillare, meir lyssterk, klarare og raskare å slå av og på.

Ungdomsskulen: Fungerande ventilasjon, arbeidsrom i henhold til krav, universell utforming.

Maling og vedlikehald på barneskulen.

Planl. HMS tiltak :

Vernerunde
Brannøving
PLIVO-øving
HMS – rutinar gjennomgått
i personalmøter

Planl. tiltak førebygging.

Gjennomføre øvingar: brann, plivo, etc
Beredskap: Planar for PLIVO og brann
førelegg. Har og kriseportalen til opp-
slagsverk ved andre kriser/hendingar

Planl. Tiltak med frivillige/ med lokalsamfunnet:

Starte oppatt at Bygdekvinnelaget ser-
verer havregraut på ungdoms-skulen
annakvar onsdag.

Klimatiltak:

Del av ny læreplan

Tiltak heiltidskultur:

Tilsetter i så store stil-
lingar som mogleg.

Utviklingssamtalar:

Utføres årleg med alle

Eventuelle forklaringar/ presiseringar/ særle- ge utfordringar:

Dårleg ventilasjon på ungdomsskulen og dårlege ar-
beidstilhøve for dei tilsette på ungdomsskulen.

Ekstraarbeid på grunn av korona

Eining: Hjelmeland vaksenopplæring

Tallet på faste årsverk
(Ikkje vikarar):

1

Budsjett ramme:

186 000,-

Inntekter i budsjettet Sal/
brukerbetaling:
Refusjonar:

Kort om verksemda:

Drive etter lover og forskrifter. Gje ei god norskopplæring for nyankomne.

Mål for fagleg utvikling(Satsingsområde):

Tilpassa undervisning

Mål om elevar skal klara B1, helst B2.

Ønska nye tiltak med grunngjeving (investering og drift):

På sikt hadde det vore ynskjeleg å samlokalisere drifta med Hjelmeland skule, slik at den tilsette hadde fått eit større fagleg miljø.

Planl. HMS tiltak :

Ingen spesielle

Planl. tiltak førebygging.

Beredskap:

Planl. Tiltak med frivillige/ med
lokalsamfunnet

Leksehjelp, frivillighetssentralen

Klimatiltak:

Ingen spesielle

Tiltak heiltidskultur:

Alle tilsette har 100%
stilling

Utviklingssamtalar:

Vert utført årleg

Eventuelle forklaringar/ presiseringar/ særlege utfordringar:

Minkande elevmasse

Få tilsette – lite arbeidsmiljø

Eining: Flyktningtenesta

Tallet på faste årsverk

1

Budsjett ramme:

1 249 000,-

Inntekter i budsjettet

Kort om verksemda:

Flyktningtenesta er ei lita eining som ikkje har fått nye flyktningar sidan 2017.

For hausten 2020 har me kveldskurs i norsk for minoritetsspråklege. Me håpar det vert nok deltakarar til å oppretta norskurs i 2021 også.

Mål for fagleg utvikling(Satsingsområde):

Flyktningane skal få god norksooplæring og gjera dei klar til å delta i arbeidslivet eller vidareutdanning.

Læra flyktningaen å bu og fungera i det norske samfunnet. Betra opplæringa av analfabetar.

Ønska nye tiltak med grunngjeving (investering og drift):

Vert det busett nye flyktningar i 2021 vil det medføra auka lærarressursar og utgifter til etablering. Tilskudd frå staten vil dekkja ein del av desse utgiftene dei fyrste år, men me ser at det ikkje er nok til å dekkja alle utgiftene.

Planl. HMS tiltak :

Planl. tiltak førebygging.

Brann: Brannøvingar på skulen og gjen-nomgang av rutine ved brann i bustad.

Beredskap: ME må utarbeida eigne prosedyrer for særlege sit.

Planl. Tiltak med frivillige/ med lokalsamfunnet

Frivilligsentralen sine arrangement.

Leksehjelp derosm me får nye flyktningar.

Klimatiltak:

Opplæring i klima tilhøve og kva som kan betra desse.

Tiltak heiltidskultur:

Ikkje aktuelt

Utviklingssamtalar:

Med alle

Eventuelle forklaringar/ presiseringar/ særlege utfordringar:

Flyktningar som er analfabetar krev ofte tett oppfølging over lang tid for å sikre integrering i samfunnet.



Kultur og kulturskule Kostra tabell

Nøkkeltall	Enhet	Hjelmeland	Kostragruppe	Landet uten C
		2019	2019	2019
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	3,8	4,5	4,1
Netto driftsutgifter til idrett (f380+f381) i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	1,2	1,4	1,4
Netto driftsutgifter til barn og unge (f231+f383) i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	1	0,9	0,8
Netto driftsutgifter til allmenn kultur (f370+f373+f375+f377+f385+f386) (1000 kr)	1000 kr	3880	182652	5506838
Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr)	kr	3261	3590	2549
Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr)	kr	92	1723	1270
Besøk i folkebibliotek per innbygger (antall)	antall	3,1	4	4,9
Besøk per kinoforestilling (antall) ¹	antall	32,7	22,9	25,5
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (prosent)	prosent	36,7	22,4	13,8
Omløpshastighet for bøker (antall)	antall	0,4	0,3	0,8
Brutto driftsutgifter til folkebibliotek (1000 kr)	1000 kr	1227	52933	1565876

Eining: Kulturskulen

Tallet på faste årsverk
(Ikkje vikarar): 2,85

Budsjett ramme:
2 147 000,-

Inntekter i budsjettet Sal/
brukerbetaling: 480 000
Refusjonar: 30 000 (DKS)

Kort om verksemda:

Kulturskulen underviser desentralisert, på Hjelmeland skule, i eigne lokale på Vågahuset og på Fister og Årdal skular. Me har undervisning i dans (5 parti), piano, gitar, toradar, fiolin, kornett og song. I underkant av 40% av grunnskule-elevane i kommunen er elevar hos oss. Kulturskulen tilbyr også undervisning for vaksne.

Mål for fagleg utvikling(Satsingsområde):

Å tilby stadig betre undervisning, enkeltvis og i grupper, både med tradisjonelle og nye metodar, samt digitale verk-tøy. Me arbeider heile tida for å gje elevane gode arenaer der dei kan visa fram det dei har lært. Me ønskjer også å vera eit ressurscenter i kommunen. Me føreslår soleis to instrumentprosjekt i grunnskulen dei neste 3 åra.

Ønska nye tiltak med grunngjeving (investering og drift):

- Messingprosjekt i grunnskulen, over 3 skuleår. Dette kan det bli 17. mai-korps av.
- Strykeprosjekt (fiolin) i grunnskulen, over 3 skuleår.
- Nytt piano. Pianoet i Årdal er av dårleg kvalitet. Både me og skulen treng eit nytt instrument.

Både messing- og strykeprosjektet vil vera enklast og rimelegast å gjennomføra på Fister og/eller i Årdal, der det er relativt små klassar. Prosjekta kan tenkjast å utgjera musikkundervisninga for dei aktuelle klassane i prosjektperioden.

Planl. HMS tiltak :

Brannrutinar
Varslingsrutinar

Planl. tiltak førebygging.

Beredskap:

Planl. Tiltak med frivillige/ med
lokalsamfunnet .
Konsertar og framsyningar

Klimatiltak:

Sykling til jobb

Tiltak heiltidskultur:

Utviklingssamtalar:

Med alle tilsette

Eventuelle forklaringar/ presiseringar/ **særlege utford-ringar:**

- Klasse-/grupperom på skulane er ikkje tilpassa våre behov.
- Dansen manglar gode øvingslokale med eigna danse-golv.



Helse og omsorg Kostratall

		Hjelmeland	Kostragruppe	Landet uten C
Nøkkeltall	Enhet	2019	2019	2019
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	kr	31554	40714	28772
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	årsverk	293,9	424,4	313,7
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	27,3	33,5	32,4
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning (prosent)	prosent	83,9	76,3	77,7
Årsverk per bruker av omsorgstjenester (årsverk)	årsverk	0,47	0,56	0,58
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	prosent	33,6	38,3	30,3
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (prosent)	prosent	41,5	39,9	47,9
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på sykehjem (prosent)	prosent	10	13,5	11,9
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent) ¹	prosent	100	90,2	91
Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon (kr)	kr	5967	4062	3842
Andel private institusjonsplasser (prosent)	prosent	0	0,9	5,5
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	timer	0,98	0,52	0,56
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent)	prosent	0	0,74	0,69
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter	prosent	5,3	6,8	5
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	13,2	17	11,5
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	11,3	11,4	9,7
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	årsverk	35,2	63,3	44,1
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent)	prosent	104,8	91	93,4
¹ Fram til og med 2016 beregnet en indikatoren som andel PLASSER i enerom. Etter det gjelder alle år bare andel enerom.				

Tenesteområdet helse og omsorg, eining helse og omsorg

Tallet på faste årsverk :
87.37 + 4 lærlinger helsefag.
(Ein kommunalsjef)

Budsjett ramme:
1 750 000,-

Inntekter i budsjettet Sal/
brukerbetaling:
Refusjonar:

Kort om tjenesteområdet:

Barnevernstenesta, Nav, Helseavdeling, tilrettelagte tenestar, Årdal omsorgssenter og Hjelmeland omsorgssenter.

Gir tenester frå før fødsel til livets slutt.

Mål for tenestene er å hjelpe brukarne til å mestre eiga liv best mulig ved å ivareta den enkeltes ressurser. Fokus på tverrfagleg samarbeid mellom einingane til det beste for brukaren.

Mål for fagleg utvikling(Satsingsområde):

Digitalisering. Bruk av velferdsteknologi (trygghetsteknologi) i heimetenesta og sjukeheim.

Kompetanseheving i form av vidareutdanning og kursing for tilsette. Særleg fokus på demensomsorg, kreftomsorg, vald i nære relasjonar, rus og psykiatri og leining.

Ønska nye tiltak med grunngjeving (investering og drift):

- Digitalt tilsyn i heimetenesta og sjukeheim. Tilbod på digitalt tilsyn ved Årdal omsorgssenter . 400 000;
- Oppgradering av personalrom med mulighet for undervisningsrom på omsorgssentra.
- Utvikling av helsestasjon for eldre og hukommelsesteam.
- Ressurs for å arbeida med velferdsteknologi.
- Auke av ressursar i barnevernstenesta (1 årsverk) frå medio 2021 pga ny barnevernsreform 2022. (Innafor eksisterande ramme

Planl. HMS tiltak :

Fokus på arbeidsmiljø
Sjukefraværsoppfølging
Vidareføre noværende plan.

Planl. tiltak førebygging.

Tett oppfølging av sjukemeldte, fortsette innsatsteam med Nav arbeidslivssenter

Beredskap: Smittevern vil stå i fokus i 2021

Planl. Tiltak med frivillige/ med lokalsamfunnet:

Åpen møteplass for eldre, cafe ÅOS, måltidsvenn ÅOS og HOS, samarbeid med Røde Kors, eldre hjelper eldre, samarbeid med frivillighetssentralen

Klimatil- tak:

El – bilar

Digitalisering

Tiltak heiltidskultur:

Jobbe for faste heile stillinger. Fokus på helgearbeid (antall helgeti-

Utviklingssamtalar:
Med alle tilsette.

Eventuelle forklaringar/ presiseringar/ særlege utfordringar:

Høgt sjukefravær ved enkelte einingar. Utfordringar med rekruttering av fagkompetanse særleg til stillinger som arbeider turnus både i vikariat og faste stillinger.
Utfordrande å nytte fagkompetansen optimalt pga fysisk avstand mellom omsorgssentrene samt mellom helseavdelinga og Årdal omsorgssenter.
Store avstander i heimetenesta – ressurskrevjande.

Eining: Barneverntenesta

Tallet på faste årsverk
(Ikkje vikarar):

5,5

Budsjett ramme:

10 600 000,-

Inntekter i budsjettet Sal/
brukerbetaling:
Refusjonar:

Kort om verksemda:

Sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Arbeide etter Lov om barneverntjenester i kommunen.

Mål for fagleg utvikling(Satsingsområde):

Fokus på sertifisering samt å oppretthalde kompetanse og kvalitet. Drifte variert tiltakspakke sjølv. Oppretthalde kvalitet. Minimere behovet for kjøp frå private aktørar.

Førebu barnevernreforma med økte oppgåver og kostnader.

Ønska nye tiltak med grunngjeving (investering og drift):

Den kommande barnevernreforma vil gi auka lovpålagte oppgåver og aktivitet- særleg knytt til fosterheimsarbeidet og tiltaksarbeid. Ynskjeleg å legge inn ei auke med ein 100% stilling for å kunne ha kapasitet til å ivareta den auka arbeidsmengda. Direktoratet har lova auka rammetilskot i høve til denne reforma, men kva det konkret vil utgjere er ikkje klart.

Planl. HMS tiltak :

Prosedyrer oppdaterast
og vedlikeholdas.

Vernerunde

Planl. tiltak førebygging.

Beredskap: ROS

Revidert beredskapsplan skal gjennom-
gå.

Planl. Tiltak med frivillige/ med lokalsamfunnet

Klimatiltak:

Auka fokus på digital kor-
respondanse- unngå papir-
bruk

Tiltak heiltidskultur:

60% ledig stilling vert lyst
ut som 100% frå 01.01.21

Utviklingssamtalar:

6 stk våren 2021

Eventuelle forklaringar/ presiseringar/ særlege utford-
ringar:

Barnevernreforma gjev auka kostnader og oppgåver
med eigenfinansiering på plasseringstiltak, drift av
tiltak sjølve og lovendringar knytt til særleg foster-
heimsarbeid.

Kostratabell Barnevern

Nøkkeltall	Enhet	Hjelmeland	Kostragruppe	Landet uten C
		2019	2019	2019
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbygger 0-22 år (kr)	kr	11568	11088	8393
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)	prosent	7,4	5,5	4,6
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)	prosent	7,3	6	4,8
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år (prosent)	prosent	8,5	5,1	3,8
Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak (kr)	kr	41798	58550	54769
Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet (funksjon 251) (kr)	kr	24074	44022	41690
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (kr)	kr	383692	413479	444076
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244) (antall)	antall	21,7	18,2	18,6
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månader (prosent)	prosent	100	83	88

Kostra tabell NAV

Nøkkeltall	Enhet	Hjelmeland	Kostragruppe	Landet uten C
		2019	2019	2019
Brutto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	kr	33	409,1	635
Netto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	kr	33	335,7	542,3
Andel netto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer (prosent)	prosent	1,4	8,7	13,9
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (helse- og omsorg) (antall)	antall	7,5	6,5	4,9
Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	antall	7,5	10,6	9
Årsverk av personer med videreutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	antall	0	3,8	3,2
Andel nyinnflyttede med psykiske problemer (prosent)	prosent	:	8	9
Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere (prosent)	prosent	:	6	7
Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser (prosent)	prosent	:	4	7
Andel med psykiske lidelser på venteliste (prosent)	prosent	:	:	..
Andel rusmiddelmisbrukere på venteliste (prosent)	prosent	:	:	..
Andel rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser på venteliste (prosent)	prosent	:	..	..
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmisbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)	antall	6,6	1,8	1,6
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmisbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere (antall)	antall	3,8	1,1	1
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmisbrukere per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)	antall	6,6	8,9	2
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmisbrukere per 10 000 innbyggere (antall)	antall	3,8	5,4	1,3

Eining: NAV Hjelmeland

Tallet på faste årsverk
(ikkje vikarar):

3,1

Budsjett ramme:

5 349 000,-

Inntekter i budsjettet Sal/
brukerbetaling:
Refusjonar:

Kort om verksemda:

NAV Hjelmeland er ei både statleg og kommunal eining, med 1 statleg årsverk i tillegg. Vi skal gje menneske moglegheiter. Dette inneber arbeidsretta oppfølging til dei som treng tenester frå NAV. Vi skal vere tydelege, tilstades og løysningsdyktige.

Mål for fagleg utvikling(Satsingsområde):

